

# Ein sjekk for solidaritet

Ida Jaarvik Hetland gler seg over pengane frå elevane på Arbeidstrening ved Time vgs.

**BRIT ROMSBOTN** | tekst og foto  
br@jbl.no

**SOLIDARITETSAKSJON:**

– Pengegæver som dette er heilt avgjerande for suksessen til Idas Hjelpfond, seier Ida Jaarvik Hetland, som starta hjelpfondet i 2010.

**Aksjonsdag**

Onsdag hadde dei 18 elevane på kurs i Arbeidstrening sin årvisse julefest med god mat og familie på besøk. Under festen blei pengane frå årets solidaritetsaksjon gitt vidare til Idas Hjelpfond.

– Me veit at barn i Guatemala ikkje har det så godt. Difor vil me hjelpe dei, seier Charlotte Storhaug, ein av dei 18 elevane.

Sjølve aksjonsdagen var torsdag 7. november. Mange av elevane var ute og arbeidde, anten i bedrift eller heime. Pengane dei tente gjekk til Idas Hjelpfond.

Elevane ved Arbeidstrening har ansvaret for drifta av elevkantina ved Time vgs. Aksjonsdagen gjekk heile omsetninga til solidaritetsaksjonen.

I tillegg er det fleire

elevane som har praksis i ulike bedrifter. Nokre av bedriftene var også med og støtta solidaritetsaksjonen.

**Mat og operasjonar**

Også i fjor hadde elevane på Arbeidstrening solidaritetsaksjonen for Idas Hjelpfond. Ida Jaarvik Hetland opplyser at det for pengane er bygde tre små hus.

I år blei det samla inn nesten 16.000 kroner. Dette er cirka 3.000 kroner meir enn i fjor.

– Kvifor vel de å gje pengane til Idas Hjelpfond?

– Ida er frå Bryne og skulen vår er på Bryne. Det er fint å ha så nær tilknytning til organisasjonen me støttar. Fleire gonger har Ida vore på skulen og fortalt om organisasjonen og om hjelpearbeidet i Guatemala, seier Silje Tveit, elev på Arbeidstrening.

Ida Jaarvik Hetland seier at pengegæva frå Time vil nå langt.

– 16.000 kroner er nok til å operera fem barn med open gane. Pengane me no har fått, vil gå til operasjonar og til mat til barn som går i barnehagar, seier Ida Jaarvik Hetland



**AKSJON:** Ida Jaarvik Hetland (i midten) blei glad for pengegæva frå solidaritetsaksjonen ved Time vgs. Charlotte Storhaug (tv) og Silje Tveit tykkjer det er gildt å få hjelpe barn.

**FAKTA**

**ARBEIDSTRENING**

- Eit tilrettelagt kurs i Arbeidstrening ved Time vgs som har 18 elevane.
- Elevane som har spesiell behov knyta til læring og sosial fungering, er fordelte på tre grupper med til saman fire kontaktlærarar.
- To grupper har kantinedrift, ei har service og samferdsel.

## Femdagarsskule på høyring

Hå-rådmannen vil ha skule fem dagar for alle elevane. Politkarane er usikre.

**JORUNN ERGA STEINSLAND** | tekst  
jes@jbl.no

I dag har fyrste- og andreklassingar i Hå kommune undervisningsfri kvar onsdag. Dei som ikkje har foreldre som har fri, har tilbod om sfo heile onsdagen.

Rådmannen foreslår å innføra undervisning fem dagar i veka.

Onsdag var forslaget

om femdagars skuleveke for alle elevane oppe i Utval for opplæring og kultur. Medan Arbeidarpartiet var klare på at dei ønskte å høyra på lærarane sine erfaringar og la elevane få undervisning kvar dag, var KrF skeptiske. Andre igjen ville ikkje ta eit standpunkt før etter høyringa.

– Eg er usikker og vil ikkje signalisera noko her og nå, sa utvalsleiar Tor Rune Gudmestad (Nærbo-lista).

Høyringsfristen er sett til 15. februar.

**Akkurat det hu ønske seg**

**ALLTID VELLUKKA JULEGÅVE!**

**BRYNEGAVEKORTET**

Brynegavekortet kan nyttast i over 100 butikkar, kafear og restaurantar i Bryne, Håland, M44 og Gamle Bryne Mek. Kortet fås hos Sparebank 1 SR-Bank, Tjemsland, Thv. Solberg og i informasjonen på Coop Obs!

**KJØP ÅRBOKA frå Time Historielag**

**NY 300,-**

Her kan du blant anna lesa om:

- Historia om Kvernelands Fabrikk A/S
- Porten inn til Knudheio
- Bjarne Undheim 1905-1988
- Nybyggjarane i Varheia/Vardheia
- Då ulven var ei plage på Jæren

... og mykje meir. Heile 189 sider med gode historier.

Kan kjøpast hjå: Norli Bryne, M44 • Servicetorget Time kommune • Time bibliotek • Coop Prix, Undheim • Coop Ekstra, Kvernaland • Bokstovå, Kleppe

Kan også bestillast frå: sverre.m.lima@lyse.net - evt. mob. 961 25 002 (+ kr. 100,- porto/eksp.)

Kreftomsorg Rogaland

**OMS ORGS UKEN**

30.11 - 08.12. 2013

**BØSSE-BÆRERNE KOMMER TIL DEG!**

Gi et bidrag for en bedre kreftomsorg

Du kan også støtte oss via: [kreftomsorg.no](http://kreftomsorg.no)

Omsorgsukens sponses av:

SKAGEN FONDENE, HAWI INVEST AS, Lyse, STAVANGER SENTRUM, NORDSJØ MEDIA